

Implementeringsplan

Mål

Innan 01.03.10 skal Høgskolen i Telemark ha eit fungerande og fullt ut tilfredsstillande system for risikovurdering som er integrert i arbeidet med mål og resultatstyring.

Innan 01.03.09 skal det vere implementert eit system for risikostyring på institusjons- og driftseiningsnivå, og risikovurderingar av nokre sentrale mål og tiltak skal vere gjennomførte og dokumenterte.

Organisasjon og ansvar

Ansvar for og arbeidet med risikostyringa følgjer ansvarslinene i lineorganisasjonen slik det er omtala i "Høgskolens risikopolicy".

Organisasjonskart som syner desse ansvarslinene ligg ved.

Oppfølging og kontroll

Det vedlagte oversynet over planleggings- og rapporteringsprosessane illustrerer m.a. korleis risikostyringa er tenkt integrert i mål- og resultatstyringa.

På institusjonsnivå vert risikovurderingane utarbeidde i perioden desember til februar parallelt med arbeidet med årsplanen for komande år.

Risikovurderingane skal følgjast opp regelmessig, gjennom drøfting i leiarmøte på institusjons- og driftseiningsnivå. Overordna leiar kan be underordna leiarar om å rapportere jamleg om stoda på sine ansvarsområde. Medarbeidarar kan få til oppgåve å gje slike rapportar på sine saksfelt.

Oppfølginga skjer ved at status for dei måla/tiltaka som er risikovurderte, vert gjennomgått på leiarmøte i april og august, med oppsummering i januar. I desse gjennomgangane vert risikovurderte verksemdsmål og styringsparameter vurderte etter denne malen og ved hjelp av eit enkelt skjema.

- Ligg det an til at målet blir nådd?
- Har det skjedd noko som endrar på risikovurderingane?
- Kva tiltak er gjennomførte for å redusere risikoen?
- Bør nye tiltak setjast i verk?
- Bør målet justerast?

På driftseiningsnivå blir risikovurderingane gjorde i perioden januar til mars i samband med utarbeidinga av tiltaksplanar for komande år. Oppfølginga skjer på tilsvarande måte som på institusjonsnivå, i mai og august, med oppsummering i januar.

Både på institusjons- og driftseiningsnivå har leiarane i tillegg ansvar for å følgje opp mål og tiltak løpande, med særleg fokus på dei som har høg risiko eller syner urovekkjande utvikling.

Den konkrete gjennomføringa følgjer det opplegget som er fastsett for hausten 2008, jf ePhorte 2007/351 dok.nr. 24 og 25.

Det skal vurderast å innføre eit databasert styringsverktøy for planarbeid og oppfølging i 2009. Ved innføring av eit slikt verktøy vil den konkrete metoden bli justert.

Tidsplan

Implementeringa av risikovurdering vil skje gjennom eigne opplæringsaktivitetar, gjennom fastsetjing av system og rutinar m.a. for oppfølgingsarbeid, og ikkje minst gjennom arbeidet med planprosessen for 2009.

Dette er dei sentrale elementa i implementeringsfasen:

Forankring i leiargruppa

Gjennomføre opplæring (sjå eigen plan)

Fastsetje oppfølgingsrutinar

Ta stilling til dataverktøy

Utarbeide årsplan for 2009 med risikovurderingar

Utarbeide tiltaksplanar for 2009 med risikovurderingar

Gjennomføre oppfølgingsrutinane

Framlegg til tidsplan ligg ved, i form av eit døme for planåret 2009.

Vedlegg:

1. Organisasjonskart
2. Plan- og rapporteringsprosessane i høghskolen – oversyn
3. Tidsplan for implementering av risikostyring
4. Opplæringsplan